

# Ny lærebok for presteskulen på Madagaskar

Dei nåverande lærarane ved den lutherske presteskulen på Madagaskar er flittige produsentar av lærebøker i teologi. Dei går såleis inn i ein rik tradisjon frå førre århundre då produksjonen var ekstra stor. Ein oversikt over kva pionérmisjonæraane ga ut står i NOTM 1972 s. 239ff.

I etterkrigsåra fekk me m.a. to verdfulle bøker i N.T. over 1. Kor. og Gal.brevet ved E. Danbolt og Fr. Birkeli. Ei større omsetjing, leida av oss norske lærarane ved Ivory av Nygren sin Romerbrevkommentar vart trykt i 1982. (Ved ein feil trykkeriet har skuld i, står korkje Nygren eller omsetjarane sine namn i boka!) Omsetjingar av ulike Luther-bøker er vidare også komne ut. Ein kan nemna: Den store katekisma og Innleiing til Romerbrevet.

Det er likevel den nåverande generasjon lærarar som synes å ha evne til mest effektive å makta slutføra sine arbeid med lærebøker parallelt med undervisninga i sine fag. EDB-verktøyet synest her vera til stor hjelp.

Nett nå har me fått i hende Tore Laugerud si store bok: *Ny Tontolon ny Testamenta Vaovao* - ei nytestementleg samtidshistorie tenkt brukt til innføring i studiet av N.T.-tekstane. I tillegg er arbeidet med eit bind om generell bibelteologi pluss ei innføring i Paulus sin teologi langt på veg ferdig.

Forskuld omleggjinga til regionale presteskular ved sida av fakultetet på Ivory er fleire misjonærar enn før i dag knytte til teologisk undervisning. Men det er nok ikkje berre auka antal lærarar og nye hjelpemiddel som får nåverande generasjon presteskulelærarar til å gjennomføra sine prosjekt. Det skuldast først og fremst målmedveten planleggjing. Omsetjinga av Hans Kvalbein sine to lærebøker i N.T.-teologi, betalt av studentane ved M.F., Oslo, etter initiativ av Kjetil Aano, fortel også om planlagt arbeid.

Me gler oss over verdfull innsats og gratulerar misjonsprest Laugerud. Me gler oss spesielt over den honnør forfattaren gir Håkon Haus, mangeårig lærar og styrar ved Misjonshøgskulen i Stavanger, ved å tileigna boka til han.

*Ludvig Munthe*